

	<b>Aukra kommune</b>	Arkivsak: 2013/490-12
		Arkiv: 026
		Saksbeh: Geir J. Göncz
		Dato: 20.11.2014

## Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

## Kommunereforma - Aukra kommune sin prosess for det vidare arbeidet

### Rådmannen si tilråding:

1. Aukra kommunestyre tar til følge prosessplana i denne saka som grunnlag for kommunen sitt vidare arbeid med kommunereforma.
2. Formannskapet er politisk arbeidsgruppe
3. Aukra kommune gir si tilslutning til at KS deltek som fagleg tilretteleggar og koordinator for lokale/regionale prosessar i det kommunereformarbeidet regjeringa etter stortingsvedtak har invitert kommunane til.

### Vedlegg

- 1 Forventningsbrev, Fylkesmannen i Møre og Romsdal 15.19.14

### Særutskrift: Fylkesmannen i Møre og Romsdal

### Bakgrunn:

Stortinget gjorde 18.juni i år eit vedtak om det skal gjennomførast ein kommunereform. Siktemålet er at stortinget skal handsame forslag til ny kommunestruktur og ev. nye oppgåver våren 2017. Regjeringa inviterar no alle kommunane til å starte samtalar med nabokommunar og avklare om det er aktuelt med samanslåing.

### Utgreiing:

Følgjande mål er skissert i kommuneproposisjonen for kommunereforma:

*« 1. Gode og likeverdige tjenester til innbyggerne*

*Større kommuner med bedre kapasitet og kompetanse vil legge til rette for gode og likeverdige tjenester over hele landet. Større fagmiljø vil gi mer stabile arbeidsmiljø, bredde i kompetansen og en bredere tiltaksportefølje, særlig i små og spesialiserte tjenester.*

## *2. Helhetlig og samordnet samfunnsutvikling*

*Kommunesektoren skal bli bedre i stand til å løse nasjonale utfordringer. Reformen skal bedre forutsetningene for en styrket og samordnet lokal- og regional utvikling i alle deler av landet både når det gjelder arealbruk, samfunnssikkerhet- og beredskap, transport, nærring, miljø og klima, og også den sosiale utviklingen i kommunen. Det er ønskelig at kommunegrensene i større grad tilpasses naturlige bo- og arbeidsmarkedsregioner.*

## *3. Bærekraftige og økonomisk robuste kommuner*

*Større kommuner vil ha større ressursgrunnlag og kan også ha en mer variert befolknings- og nærings sammensetting. Det gjør kommunene mer robuste overfor uforutsette hendelser og utviklingstrekk. Bærekraftige og økonomisk robuste kommuner vil legge til rette for en mer effektiv ressursbruk innenfor begrensede økonomiske rammer.*

## *4. Styrke lokaldemokratiet og gi større kommuner flere oppgaver*

*Større og mer robuste kommuner kan få flere oppgaver. Dette vil gi økt makt og myndighet til kommunene, og dermed økt selvstyre. Større kommuner vil også redusere behovet for interkommunale løsninger. Færre og større kommuner som gjennomfører en velferdspolitik i henhold til nasjonale mål, vil redusere behovet for statlig detaljstyring. Kommunene vil slik få større frihet til å prioritere og tilpasse velferdstilbudet til innbyggernes behov.»*

## **Tidsperspektiv for dei ulike prosessane i kommunereforma**

Følgjande prosessar er skissert:

- Juni 2014: Stortingsbehandling av mål for- og det vidare opplegget for arbeidet med kommunereforma
- Haust 2014 - Vår 2016: Regionale prosessar med kommunane, fylkesmenn og KS. Oppsummering av fylkesmennene høst 2016
- Juni 2015: Regjeringa legg fram forslag om kva for oppgåver framtidige kommunar skal ha
- Juli 2015 - mai 2016: Kommunale vedtak om samanslåing
- Mai 2016: Kongelege resolusjonar om samanslåing av dei kommunane som har vore tidligst ute med vedtak
- Juni 2017: Stortingsbehandling av proposisjonar om ny kommunestruktur og nye oppgåver for kommunane

Dei regionale prosessane skal leiast av dei ulike fylkesmennene. KS vert invitert til samarbeid. Pkt 3 i vedtaket refererer seg til ei anmodning alle kommunane i Møre og Romsdal har motteke frå fylkestyret i KS Møre og Romsdal om å handsame følgjande punkt:

*«..kommune gir sin tilslutning til at KS deltar som faglig tilrettelegger og koordinator for lokale/regionale prosesser i det kommunereformarbeidet regjeringen etter stortingetsvedtak har invitert kommunene til».*

Som eit alternativ til store lokale utgreiingar vil departementet (KMD) utarbeide standardiserte faktaoppsett med viktige tal for at kommunane skal kunne lage egne utfordringsbilete. I denne samanheng vil det også bli laga eigen veileidar til kommunalt bruk, haust 2014. Vidare vil KMD lage eit opplegg for lokale spørreundersøkingar som eit alternativ til folkerøystingar om dette er ønskeleg. KMD kan gje kr. 100.000 i støtte til kvar kommune til informasjons- og høyringsprosessar. Dette føreset at prosessar vert gjennomført og at det vert fatta vedtak om den vidare vegen. Det er dette denne saka responderar på.

Spørsmål om grensejusteringar mellom kommunar og deling av kommunar er spørsmål som ein føreset vert tatt opp i den same prosessen som nå startar opp. Det er også lagt opp til å legge til rette for prosessar på tvers av dagens fylkesgrenser.

KMD vil dekke eingangskostnader ved samanslåing etter ein fast modell med mellom 20 – 60 millionar kroner avhengig av antall innbyggjarar og antall kommunar i dei ulike samanslåingane.

Samanslåtte kommunar med over 10000 innbyggjarar vil kunne få reformstøtte for å lette overgangen til ny kommune. Støtta vil variere frå 5-30 millionar kroner avhengig av kommunestorleik.

Nye samanslåtte kommunar får behalde inndelingstilskotet, dvs. at basistilskotet og ev. regionalpolitiske tilskot i rammeoverføringane vert vidareført som om det var det antall kommunar som var før samanslåinga. Dette behaldast i 15 år og deretter trappa ned over 5 år.

KMD vil sende ut eit lovforslag på høyring, som inneberer at kommunane sine låneopptak og langsiktige låneavtaler i den nærmaste tida må godkjennast av fylkesmannen. Dette for å hindre strategiske disposisjonar i forkant av reforma.

KMD vil utgreie ein lovheimel som gir muligheit til å pålegge interkommunalt samarbeid for å få større fagmiljø i dei høve der kommunar grunna avstander ikkje vil slå seg saman.

### **Kva skjer i ROR med kommunereforma?**

I ROR er det nå starta eit prosjektarbeid med tanke på framtidig kommunestruktur i regionen. Aukra kommunestyre vedtok si deltaking i dette prosjektet i sak 81/14.

Mål for dette arbeidet er vedteke i medlemsmøtet i ROR, og har følgjande formulering:

*«Effekt mål:*

*Utredningen skal gi et tilstrekkelig faktagrunnlag for at hver av ROR-kommunene kan gjøre sine valg om framtidig kommunestruktur i løpet av perioden mai 2015-2016.*

*Resultatmål:*

- *Utredningen skal fokusere på de 4 målområdene for reformen – hvordan få til:*
  - *Helhetlig og samordnet samfunnsutvikling*
  - *Gode og likeverdige tjenester*
  - *Bærekraftige og økonomisk robuste kommuner*
  - *Styrket lokaldemokrati*
- *Utredningen skal utrede ulike modeller for Romsdalskommunene hvor alle alternativene inneholder minst 2 kommuner*
- *Utredningen skal være egnet som fakta- og prosessdokument for lokale beslutninger i de enkelte kommuner*
- *Utredningen skal ende opp i en sluttrapport som legges fram for kommunestyrene til Behandling»*

Det er vidare vedteke at ein ekstern aktør (Telemarksforsking) vert leigd inn til å utgreie alternativar for kommunestruktur i ROR.

Ei ekstern vurdering av alternativar for kommunestruktur i regionen skal etterfølgjast av diskusjonar der politikarar og administrasjon og arbeidstakarar i alle kommunane vert engasjert. Det må leggjast opp til at innbyggjarar som ønskjer det kan kome med innspel.

I lys av det arbeidet som skal gjennomførast i ROR-regi, ser rådmannen det som særskilt viktig at Aukra kommune får samordna og integrert sitt arbeid inn i prosjektarbeidet i ROR. Her kan nyttige innspill fra andre kommunar og ekstern kompetanse gje nyttige bidrag til Aukra kommune sitt eige arbeid fram til konklusjoner og vedtak skal ligge føre våren 2016. Rådmannen vil derfor sørge for at Aukra kommune drar mest mulig nytte av det

utgreiingsarbeidet som no skjer i ROR.

### Proessen vidare

Aukra kommunestyre har tidlegare i år handsama fleire saker omkring kommunereform/kommunesamarbeid.:

- I sak 7/14 om kommunesamarbeid/kommunesamanslåing vart det vedteke å sette i gang ein prosess for å utgreie kommunesamarbeid og eventuell samanslåing av Midsund og Aukra.
- I sak 80/14 vart rapporten «Aukra og Midsund kommuner – Interesse for kommunesammenslutning (Agenda Kaupang)» tatt til vitande.
- I sak 81/14 vart det vedteke å delta i hovudprosjektet i ROR når det gjeld utgreiing av framtidig kommunestruktur.

Aukra kommune skal no gjennomføre ein prosess som skal svare ut dei sentrale føringane i kommunereforma samtidig som vi skal konkludere med kva vi meiner er den beste løysinga med tanke på framtidig kommunestruktur i vår region. Dette skal skje samordna med prosessen i ROR.

I Aukra kommune ser ein for seg å gjennomføre følgjande aktivitetar og prosessar:

Aktivitet / prosess	Tid
Det er eit krav frå Fylkesmannen at det vert oppnemd ein kontaktperson i kvar kommune. Rådmannen foreslår også at formannskapet er politisk arbeidsgruppe	Haust 2014
Lokale og regionale folkemøter	Vinter / vår 2015
Utarbeide informasjon og formidle fakta på kommunen si heimeside og facebook, og i media når det er aktuelt	Vinter / vår 2015
Gjennomføre utgreiingar som er nødvendige for prosessane	Vinter / vår 2015
Gjennomføre ei innbyggjarundersøking som KMD vil utarbeide	Juni 2015
Invitere til ulike dialogprosessar mellom kommunane i Molderegionen	Haust 2015
Gjennomføre opplæring av folkevalde med spesiell vekt på kommunereforma og fremtidsutfordringar.	Etter kommunevalet hausten 2015
Utarbeide forslag til framtidig kommunestruktur	Vinter 2016
Vedtak i kommunestyret	Innan 1. juli 2016

### Økonomiske og administrative konsekvensar:

Denne saka i seg sjølv vil ikkje ha umiddelbare økonomiske eller juridiske konsekvensar. Det vidare arbeidet med kommunereforma vil avhenge av omfanget av dei vidare prosessane, men slik rådmannen ser det vil dette krevje en god del politiske og administrative ressursar.

Aukra kommune vil kunne få tildelt kr. 100.000 frå fylkesmannen for å gjennomføre prosessen framover. Desse midlane bør brukast til informasjonsarbeid og høyringsprosessar, gjennomføring av folkemøter og til dialogmøter med våre nabokommunar.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil ha ein koordinerande rolle i arbeidet med kommunereforma. Aukra kommune vil i denne sammenheng følgje dei signal og

prosessar som fylkesmannen legg opp til.

Rådmannen legg opp til at kommunalsjef plan- og utvikling er kommunen sin kontaktperson/ansvarleg sakshandsamar og rår til at formannskapet er den politiske arbeidsgruppa.

Ingrid Husøy Rimstad  
Rådmann

Geir J. Göncz  
Kommunalsjef